



Bygdenytt

eit informasjonsblad frå Valle kommune

JUNI OG AUGUST 2024

VALLE SKYRACE

LAURDAG 17. AUGUST

Start og mål er i alle løyper Valle sentrum!

Fellesstart klokka 09.00

43 km 2600 høgdemeter

23 km 1700 høgdemeter

14 km 700 høgdemeter

Det er sjølv sagt konkurranse og trimklassar i alle løp.

I tillegg til desse vil det vere barneløp i sentrum for dei aller minste.

GPX filer kjem til 23 km og 14 km. Men det er samme start som lang løype, 14 km løper til sentrum ved Honnevje. 23 km følger lang løype ned Laugardalen og tar straka vegen til sentrum når du hjem på asfalten. Så dere som vil prøve skal finne vegen.

Viktig å melde seg på. 19 juli aukar me påmeldingsavgifta.



Ynskjer alle
ein god
sommarsommar

Konsertar, kappleik, kurs og dans

SETESDAL FOLKEMUSIKK- FESTIVAL

Rysstad, 2.–4. august

2024



**KNUT HAMRE
HELGE JORDAL
ANON EGELAND
MIKAEL MARIN
VALLE LEIKARRING
KOUAME SEREBA
BORDUN SPELEMANNSLAG
LARS-INGAR MEYER FJELD
DANIEL SANDÉN-WARG
KNUT OLAV UPPSTAD
KULTURPATRULJA**



Setesdal Spelemannslag



KOMMUNEN INFORMERER

Informasjon om sletting av nøkkelbrikker til kommunale bygg

Når vi leiger ut lokale i kommunale bygg får utleigar med seg eit nøkkelkort. Stort sett kjem desse greitt i retur, men vi opplever at det for tida er ein del kort som ikkje er levert tilbake. Dette har ved eit par høve skapt litt leie situasjonar der vedkomande som har bestilt lokale kjem og det alt er andre som brukar lokalet utan å bestille.

Vi ber alle som har eit nøkkelkort som tilhører kommunen om å leve det tilbake så snart som råd.

September 2024 kjem vi til å slette alle tilganger på alle kort slik at dei som skal ha tilgang må kome innom til oss i velkomstsenteret for å få lagt inn dei tilgangene du skal ha.

Alle som får tildelt nøkkelkort ved leige av kommunale bygg må leve det tilbake. Dersom nokon treng eit kort over ein lengre periode kan det avtalast.

Opningstid – sentralbord og kommunehus sommar 2024

I veka 28 og 29 har kommunehuset og sentralbordet ope frå kl. 10 – 14

I veka 30 flytter velkomstsenteret og sentralbordet opp til sæbyggjen.

Opningstida denne veka er 10.00-15.00.

Telefonen er betjent mellom kl. 10.00 og 14.00.

Kommunehuset vil vere stengt denne veka.

Legekontoret i Bykle blir sommarkontor for Bykle og Valle

I perioden 17. juni-18. august held legekontora på Hovden og i Valle sommarstengt. I den perioden blir helse drifta frå legekontoret i Bykle.

Legekontoret kan kontaktast på tlf 379 38 670.

Legevakt 116117



Valle Tannklinikk i sommar

Valle tannklinikk er stengt veka 28, 29, 30 og 31, (f.o.m. 8. juli t.o.m. 4. august)

Akutt hjelp:

Rona tannklinikk telf. 381 22 500

Vågsbygd tannklinikk telf. 385 31 280

Vanleg opningstider 08:00 – 15:00

Akutt vakt laurdag og sundag:

Tannlegevaka i Kristiansand, telf. 970 07 821

Tordenskjoldsgate 9, «Slottet».

Tid: 11:00 -13:00

Kulturmidlar 2024 Valle kommune -ekstra tildelingsrunde:

Søkjar	Vedtak
Valle allidrett	5000
Fjellro Grendelag/grendehus	5000
Garane grendelag	5000
Homme og Tveitebø grendelag	2000
Hylestad bedehuslag	5000
Ovinang Grendelag	5000
Rysstad i vekst	5000
Setesdal sogelag	5000
Valle mållag	5000

Bibliotekets Opningstidar I sommar

Kvar vekedag frå 10.00-15.00

Alle med kontrakt kan nytta seg av
meirope bibliotek alle dagar i veka frå
07.00-23.00

Frå 24. juni til 16. august er bibliotekets
opningstider frå 10.00 - 15.00

Her kan du låna og levera bibliotekbøker.
Sal av bøker og lydbøker på CD.
Sal av lokale bøker.
Sal av kaffi og te

Har du lasta ned Civis? Dersom ikkje, bør
du gjere det no!

Kva får du GRATIS med appen Civis?



- Alle nyheter som blir lagt ut på heimesida til Valle kommune kjem med eit PLING inn på mobiltelefonen din. Sjølve saka på heimesida er då bare eitt tastetrykk unna.
- Aktuelle politiske saker ligg i appen

Civis er ein applikasjon under utvikling. Det betyr at det blir stadig fleire tenester lagt inn. Last inn appen på mobiltelefonen, vel å fylgje Valle kommune, så er du i gang! Hugs, det er gratis å laste ned og bruke Civis.



Valle kommune

er no brukar av den nye
innbyggjarportalen.



Eldre i Valle kommune kan få kommunal datahjelp

Eldre fastbuande i Valle kommune som slit med stadig meir digitalisering i samfunnet kan få kyndig kommunal datahjelp. For dei det gjeld er ordninga viktig. Det er ikkje alltid like enkelt, om ein skal tinge noko på nett, laste ned ein app eller anna digitalt.

Utgangspunktet er at det er i biblioteket i Sæbyggjen datahjelpa går føre seg.

Me har rett og slett ei ordning utan faste tidspunkt. Er bare biblioteket bemanna, kan ein få hjelp. Det er viktig å vere der for dei som treng denne hjelpa, seier bibliotekar Aud Kjersti Thorbjørnsen.

Ho minner om at det ikkje er hjelp å få i dei utvida opningstidene, når det er såkalla meirope bibliotek.

– Det må naturleg nok vere nokon til stades, men er det folk på plass skal me alltid gjere så godt me kan, seier ho.

Hjelp på bygdeheimen

Valle Bygdeheim har ikkje ei fast ordning for datahjelp. Det betyr likevel ikkje at det ikkje er hjelp å få der.

– Får me spørsmål om å hjelpe vil me sjølvsgåt gjere det, så godt me kan, seier leiar pleie- og omsorg i Valle kommune, Solveig Kyrvestad.



PLEIE OG OMSORG INFORMERER Høyrsel

Audiograf Caroline Dankworth kjem på kommunebesøk, kjellaren på Valle Bygdeheim Onsdag 21. August

Dette er kun for dei som hev høyreapperat.

Ring Liv Gunn viki 900 79 562 om du treng time.

Dagsenteret

Dagsenteret vil ynske alle giestene våre ein rektig god sommer, og hjarteleg velkomne att onsdag 21. august.

HELSING OSS PÅ DAGSENTERET ☺ ☺

BARNEVERN

Me er tilgjengelege på verkedagar gjennom heile ferien.

Frå og med 24.06-12.07 kontaktar du stedfortreder Hilde Berit Bjørnarå på tlf 462 97 605.

Frå og med 15.07 kan barnevernet nåast på 47642462.

På kveldstid og i helger har barnevernvakta i Kristiansand akuttberedskap og kan kontaktast på tlf 38 07 54 00.

**Frist for innsending til Bygdenytt
for september er 25. August.
Send til sentralbord@valle.kommune.no**

BISPEVEG-

MARSJEN

FEIRER 40

ÅRSJUBILEUM

Bispevegmarsjen er ein tre mil lang turmarsj som går frå Fyresdal til Valle. Det er ein marsj som tek deg opp på 1100 meters høgde. Det starter ved Nøs før Øysædammen i Fyresdal og avsluttast ved Valle skule. Det er eit flott heieområde med variasjonar frå frodige skogsliar og myrområde til høgfjellsområde.

Betaling buss kr 300 vaksen kr 200 born, startkontigent vaksen kr 150, barn til og med 16 år kr 100

Valle IL sender betalingskrav til påmeldte

Påmelding på denne linken:

<https://forms.office.com/e/4H7pRWRVQu>

Eller QR-kode.



Arrangør Valle IL og Fyresdal IL
ønsker velkommen til ein flott dag over fjellet.





Nordic Expo 2024

Active Overlanders arrangerer Nordens aller første Overlanders Expo i Brokke.

Og sjølv om det blir den første, sparast det ikkje på noko. Det blir eit stort utstillingsområde med mykje spennande, det vert fleire konserter både fredag og laurdag og ikkje minst så blir det mange spennande føredrag i tillegg til mange aktivitetar og mange overlander-bilar å sjå.

Her blir det RC-bilar barna kan prøve, og i tillegg har vi som alltid mange aktivitetar på området.

Og det aller viktigaste er at det er eit familiearrangement. Det vil seie at det blir mykje moro for både små og store, og fokus på at alle skal trivast!

Velkommen til ei helg fylt med aktivitetar, konserter og overlanding!



**Opningstider i Brokke Alpinsenter under
Nordic Expo 2024 27.06 - 30.06**

Torsdag og fredag:

Kafe 10-21 (20.45)
Nistebui 12-23
Skibua 10-18

Juvet (oktoberfest) 17-23
Utstillerområdet 10-16

Laurdag:

Kafe 10-22 (21.45)
Nistebui 12-23
Skibua 10-18

Utstillingsområdet 10-16.30

Sundag:

Kafe 10-17 (16.45)
Skibua 10-17
Utstillingsområdet 10-15

Velkomne, og hugs at denne helga må du løyse billettar for å kome inn på området.

Opningstider Kafé

Kvar laurdag og sundag frå 12-18 (17.45)
Frå 22. juni til 11. august ope kvar dag frå 12-18 (17.45)

Følg med på brokke.com
for meir informasjon

Juni

Torsdag 27. - sundag 30. juni

Nordic Expo


Fredag 28. juni blir det oktoberfest på Juvet.
Laurdag 29. juni. Musikkfestival med 3 forskjellige band.
Laurdag 29. juni. Broketråkken.

Fredag 28. - sundag 30. juni

Thunder Valle (Åraksøyne)

Laurdag 29. juni

Sentrumsfrokost og Brusteinsball i Valle.



Juli

Laurdag 6. juli

Brokke Vertical

Torsdag 11. juli

Kulturpatruljen

Laurdag 20. juli

Minigolfturninger

Fredag 26. juli

Kulturpatruljen



August

Laurdag 3. august

Fotballgolfturning

Laurdag 17. august

Valle Skyrace



September

Laurdag 7. september

Pumptrack kurs og konkurranser

Laurdag 21. september

Krets mesterskap i rulleski

Fredag 28. - laurdag 29. september

Saujeså



Oktober

Laurdag 5. oktober

Haust

FREDAG 2. AUGUST



14:30 **KURS I HARDINGFELE, MUNNHARPE, DANS OG KVETING**
- 17:00 Hardingfele for vidarekomme v/Daniel Sandén-Warg
Munnharpe for vidarekomme v/Ånon Egeland
Munnharpe for nybegynnjarar v/Sigurd Brokke
Gangardans for alle v/Kjell Nomeland og Lars Rystad Nordgreen m/fylje
Stad: Hylestad soknehus, Bjugsbakkvegen 1, Rysstad
Billett: kr 250/200 (student/honnør/medlem)
Oppmøte kl. 14:00!

Kveting v/Hallvard Bjørgum
Stad: Sylvartun
Billett: kr 250/200 (student/honnør/medlem)

19:00 **OPNING AV SETESDAL FOLKEMUSIKKFESTIVAL**
ved avdelingsdirektør for samfunn og arena i Kulturdepartementet Torbjørn Urjell
Utdeling av Sparebanken Sør sitt folkemusikkstipend
Stad: Hylestad soknehus, Bjugsbakkvegen 1, Rysstad

19:15 **KONSERT** med Knut Hamre og Helge Jordal
Stad: Hylestad soknehus, Bjugsbakkvegen 1, Rysstad
Billett: kr 250/200 (student/honnør/medlem)
Hans E. Kinck var fødd i Øksfjord i Finnmark i 1865, men vaks opp blant anna i Setesdal og i Strandebarm i Hardanger.



Han døydde i Oslo 1926. Hans E. Kinck skrev teaterstykker, essays, romaner og noveller i stort omfang og av høy kvalitet. Særlig er novellene hans mykje lesne og omtykte. Med seg frå barndom og ungdom hadde han ei sjeldan kjennskap til norsk kultur og norsk folkeliv. Etterkvart sette han seg og grundig inn i europeisk kultur og historie. Flere norske komponistar har lete seg inspirere av Kinck sine tekstar blant anna Eivind Groven. Novellene, Hvitsymre i utslatten, Felen i Vilde skogen og Den nye kapellet er filmatisert! I denne konserthen vil Hege Jordal lese frå forfattarskapen til Hans E. Kinck og Knut Hamre vil spele Hardingfele til tekstane.

21:00 **KONSERT MED SORPESOLL**
Ånon Egeland og Mikael Marin med gjester
Stad: Hylestad soknehus, Bjugsbakkvegen 1, Rysstad
Billett: kr 250/200 (student/honnør/medlem)
Samarbeidet mellom den norske felespelaren Ånon Egeland og den svenske bratsjisten Mikael Marin strekk seg over mest tre tiår. Duoen Sorpesoll såg dagens ljос i 2017, etter «oppdagelsen» av uttrykksmøglegenhet i hardingfele og el-bratsj, båe stemt ein oktav lågare enn vanleg. Også duoen sitt repertoar er nedstemt: Innadvendte, kontemplative melodiar der tekstane gjerne fokuserar på sorg og tap, men også på stunder av stille glede. – Glad-trist Trad Noir!

SUNDAG 4. AUGUST




13:00 **«MEDITASJON»** v/organist Knut Olav Uppstad
Stev og salmetonar i Setesdalstradisjon

KONSERT med **Kulturpatrulja Allstars**
Leiar for kulturpatrulja er **Stina Brandin Hovet**

«Kulturpatrulja Allstars» er kallenamnet på gruppa som samlar tidlegare medlemer av Kulturpatrulja frå starten i 2013 og fram til i dag. Kulturpatrulja fører «ekte setesdalskultur til folket» og er eit samarbeidsprosjekt mellom Setesdalsmuseet og Visit Setesdal. Vi kjem til å by på gangardans og spel på munnharpe og hardingfele, i tillegg til kveting. Eit innblikk i setesdalskultur – velkommen skal de vere!

Stad: Hylestad kyrkje
Billett: kr 250/200 (student/honnør/medlem)

LAURDAG 3. AUGUST



09:00 **«BITÅ»**
Sentrusfrukost med underhaldning av Valle leikarring
Stad: Coop Prix Hylestad
Gratis!

11:00 **LADEKAPPLEIK FOR BARN**
Stad: Hylestad soknehus, Bjugsbakkvegen 1, Rysstad
Gratis inngong!

12:00 **TROMME- OG RYTMEKURS** med Kouame Sereba
Maks 20 deltakarar, frå 7 til 11 år
Stad: Setesdalsmuseet
Gratis inngong!

14:00 **BARNE- OG FAMILIEKONSERT** med Kouame Sereba
«Kouame møter Barna»
Eventyr, dans, song og musikk frå Vest-Afrika
Stad: Setesdalsmuseet
Gratis inngong!

«På kurs- og konserthen vil dere få et glimt inn i Kouame Serebas store lekeunivers, samtidig som dere får oppleve musikaliteten og rytmikken direkte på kroppen. Rytmene lekes fram både ved stemmebruk, ved å klappe, ved

å trampe og ved hjelp av afrikanske djembetrommer og andre rytmearinstrumenter. For Kouame Sereba er det viktig å vise at talent for rytmekunst ikke er noe mystisk og eksotisk; at rytmesansen er universell og uavhengig av kulturell og etnisk bakgrunn. Alle mennesker har rytmekunst!

«På språket mitt, Gban, i Elfenbenskysten, finnes det ikke et ord for å sygne, spille eller danse. Bare «Sah» som er alt på én gang – samhold, glede, fest, rytmekunst og tromming!»
Kouame Sereba

12:00 **KAPPLEIK**
Stad: Hylestad soknehus, Bjugsbakkvegen 1, Rysstad
Billett: kr 250/150 (student/honnør/medlem)

20:00 **PREMIETDELING**
Stad: Hylestad soknehus, Bjugsbakkvegen 1, Rysstad

21:00 **DANS til Bordun spelemannslag,**
Lars-Ingar Meyer Fjeld og Daniel Sandén-Warg
Stad: Hylestad soknehus, Bjugsbakkvegen 1, Rysstad
Billett: kr 250/200 (student/honnør/medlem)



Gullfunnet på Nese 1833

Eit kulturminne av særskild verdi er gullfunnet som vart gjort i stranda på Nese i Bygland i 1833. Dette er frå ei tid etter Romerrikets fall, frå om lag 400 e. Kr.f. då det kom mykje gull nordover til dei germanske landa.

OVERNATTING

Overnatting kan tingast på Sølvgarden Hotell og Feriesenter: post@solvgarden.no eller på telefon 37 93 61 30

KONTAKT

E-post: post@setesdalspelemannslag.no
www.facebook.com/setesdalspelemannslag

PÅMELDING

NB! Påmelding til kappleik før kl. 15:00 same dag!

MATSALG

Det blir sal av tradisjonell og kortreist mat!



Sommaren 2024

Vewe 28

8.7	15:00 Sylvartun 16:00 Bykle gamle kyrkje
9.7	15.00 Bergtun Hotel 18.00 Hovdestøylen
10.7	12.00 Bjoren 16.00 Sølvgarden Hotel
11.7	15.30 Setesdalsmuseet 17.00 Brokke Alpinsenter
12.7	14.00 Minne Kultursenter (Åseral) 16.00 Revsnes Hotel

Vewe 29

15.7	16.00 Bykle gamle kyrkje 18.00 Syrtveit
16.7	12.00 Nordibø Landhandel 14.00 Stoga, Bygland
17.7	12.30 Bjoren 16.00 Sølvgarden Hotel
18.7	14.00 Rygnestad 15.30 Setesdalsmuseet
19.7	14.30 Mineralstien 16.00 Dølen Hotel

Vewe 30

22.7	16:00 Bykle gamle kyrkje
23.7	18:00 Hovdestøylen 14.00 Milano Pizza 16.00 Odden Camping
24.7	12.00 Bjoren 16.00 Sølvgarden Hotel
25.7	13.30 TrollAktiv, Syrtveit 15.30 Setesdalsmuseet 12.00 «Roverway» Hegni 15.00 Brokke Alpinsenter

Setesdalsmuseet

VEL BEVART, GODT FORTALT

Vi er ein del av Aust-Agder museum og arkiv IKS,
saman med KUBEN i Arendal og Grimstad bys museer.



Stavkyrkje og drakar i Setesdal

Setesdalsmuseet Rysstad

2. juni-1. september.

Ope: 24.6-11.8 alle dagar kl. 11-17

12.8-31.8 alle dagar kl. 10-15

I samarbeid med
Stiftelsen Setesdal Stavkyrkje

Setesdalsmuseet





*Stavkyrkje og drakar
i Setesdal*



*I samarbeid med
Stiftelsen Setesdal Stavkyrkje*

Velkommen til Setesdalsmuseet på Rysstad sommaren 2024

*I tillegg til faste utstillingar,
kan du no sjå:*

Strikkearven
(Annemor Sundbø)
Sigurd Helle og
Norway Station

Stavkyrkje og drakar i Setesdal

Ope: 24.6-11.8 alle dagar kl. 11-17

12.8-31.8 alle dagar kl. 10-15

Frå 1.9 kvardagar kl. 10-15





Opne turar 2024

Onsdag 3.7	Bygland	kl. 12.30	Sundag 21.7	Byglandsfjord	kl. 12.00
Sundag 7.7	Bygland	kl. 12.00	Onsdag 24.7	Byglandsfjord	kl. 12.00
Onsdag 10.7	Bygland	kl. 12.00	Sundag 28.7	Byglandsfjord	kl. 12.00
Laurdag 13.7	Bygland-Ose	kl. 11.00	Onsdag 31.7	Bygland	kl. 12.30
Laurdag 13.7	Ose	kl. 13.30	Sundag 4.8	Bygland	kl. 12.00
Laurdag 13.7	Ose	kl. 15.00	Sundag 11.8	Bygland	kl. 12.00
Sundag 14.7	Ose	kl. 12.00	Sundag 18.8	Bygland	kl. 12.00
Sundag 14.7	Ose	kl. 13.30	Sundag 25.8	Bygland	kl. 12.00
Sundag 14.7	Ose-Bygland	kl. 15.00	Sundag 1.9	Byglandsfjord	kl. 12.00
Onsdag 17.7	Bygland	kl. 12.30			

BILLETPRISAR:

Familie: Kr. 750,00

Vaksne: Kr. 300,00

Born: Kr. 175,00

Setesdalsmuseet
Del av Aust-Agder museum og arkiv

BOOKING OPNE TURAR:

www.bjoren.no

Telefon : +47 995 18 203

Epost: bjoren@aama.no



Valle kommune



Rygnestad
og Flateland

Setesdalsmuseet



Slåttedag og UKL-jubileum

Rygnestad og Flateland, laurdag 20. juli kl. 11

Program:

- ljåslått, sliping/ bryning, Rygnestadtunet
- ca. kl. 12 gratis slåttegraut
- open gard med hesteriding
- vandring i UKL-området (Utvalde Kulturlandskap)
- ca. kl. 15 avslutting og Setesdalssuppe, Flateland Grendehus
- innlegg frå fleire aktørar gjennom dagen

Det kan bli endringer i programmet.

Ingen påmelding.

Parkering på skiltet plass ca 100 m før Rygnestadtunet.

For meir informasjon om arrangementet, ta kontakt på tlf: 37 93 63 03 eller på post@setesdalsmuseet.no

SETESDÅLSTREFFET

20. JULI 2024 KL 11:00



ALT MED MOTOR OVER 30ÅR, UANSETT STÅND.

RYSSSTAD MIDT I SETESDÅL

500 METER SØAFOR SØLVGARDEN

Crusing tur/retur Valle, start ca. klokka 15.00

Treffet fortsetter utover ettermiddagen.

For meir info, ring Jan Olaf: 90615526 eller Bjarne:

91563661



BLI MED PÅ DEN KULASTE LESEKAMPANJEN I SOMMAR!

Til føresette

Frå 1. juni til 31. august kan alle som går i 1.-7. trinn delta på Sommarles.no. Sommarles gjer lesing endå kjekkare, og det er heilt gratis å vere med.

Sommarles er for alle! På Sommarles.no kan ein registrere både bøker som barna har lese sjølve og bøker dei har lese saman med nokon eller lytta til (høgtlesing og lydbøker).

For kvar bok som blir registrert, får deltagarane XP (poeng) og går etter kvart opp i level. Barna kan både få kule digitale trofé på nettsida og hente fysiske premiar på biblioteket. På Sommarles kan de også få lesetips og løyse oppgåver knytte til Sommarlesforteljinga for året, skriven av forfattar Mari Moen Holsve.

For å bli med på Sommarles.no går de inn på nettsida som opnar 1. juni, og lagar ein profil til barnet. Om de treng hjelp, er det berre å spørje på biblioteket dykkar. Så er det berre å lese i veg!

Vi håper at de vil hjelpe barna slik at dei kan delta på lesekampanjen og få gode leseopplevelingar heile sommaren! Ta gjerne turen innom biblioteket dykkar for å få vite meir.

God sommar med Sommarles.no!

KYRKJA I JUNI, JULI OG AUGUST

Orgelkonsertserie i Valle kyrkje 2024

Gjennomgangstema er Mendelssohn sine 6 sonater.



Orgelkonsert nr 1: Onsdag 26. juni 2024 kl. 19:30

Organist: Bernhard Emmelkamp og Jasmine Deliler, Sopran.

Orgelkonsert nr 2: Onsdag 3. juli 2024 kl. 19:30

Organist: Andrew G. Wilder og Gill Wilder.

Orgelkonsert nr 3: Onsdag 10. juli 2024 kl. 19:30

Organist: Ian M. Richards, song: Tone Å. Rysstad, Anne Gunn Homme og Tora Åkre Lund med Knut Olav Uppstad på orgel.

Orgelkonsert nr 4: Onsdag 17. juli 2024 kl. 19:30

Organist: Ivar Mæland.

Orgelkonsert nr 5: Onsdag 24. juli 2024 kl. 19:30

Organist: Arnfinn Tobiassen og songar Mio Lee Harmer.

Orgelkonsert nr 6: Onsdag 31. juli 2024 kl. 19.30

Organist: Martin Pearson.

HYLESTAD KYRKJE

Gudsteneste 14. juli kl 11:00 med sokneprest Kristina Grundetjern, organist Knut Olav Uppstad

Setesdal Folkemusikkfestival 04 august kl 13:00

Open kyrkje kl 10:00 – 20:00 i vekene 27, 28, 29, 30, 31, 32, 33, 34, 35

VALLE KYRKJE

Friluftsgudsteneste på Rygnestadtunet 11.august kl 12:00 ved sokneprest Toralv Frøysaa Lie, organist Knut Olav Uppstad. Salg av rjomegraut mm

Gudsteneste 25. august kl 11:00 ved sokneprest Toralv Frøysaa Lie, organist Knut Olav Uppstad

Open kyrkje kl 10:00 - 20:00 i vekene 27, 28, 29, 30, 31.

FINN GRAV

2,25 millionar gravlagde er no søkbare på www.grav.no.

Her kan publikum leite etter slektningar på tvers av alle gravplassar, frå Nordkapp til Lindesnes og blant ni av dei største kommunane i landet.

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrkjekontoret i Valle,
tlf. 977 84 706,
e-post: post@valle.kyrkja.no

Valle og Hylestad sokn

- DEN NORSKE KYRKJA



DEN NORSKE KYRKJA

Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda

Kva skjer?

www.valle.kommune.no/
<http://www.valle.kommune.no/alle.294594.nn.html>

03.07 kl.19.30-21	Orgelkonsert Valle kyrkje
06.07 kl.12.18	Brokke Vertical
10.07 kl. 19.30-21	Orgelkonsert Valle kyrkje
14.07 kl.11-12	Gudsteneste Hylestad Kyrkje
17.07 kl.19.30-21	Orgelkonsert Valle kyrkje
20.07 kl.11-15	Setesdalstreffet Fotballbanen, Rysstad
20.07 kl.11-16	Slåttedag og UKL-jubileum Rygnestadtunet, Flateland
24.07 kl.19.30-21	Orgelkonsert Valle kyrkje
31.07 kl.19.30-21	Orgelkonsert Valle kyrkje
02.08 kl. 14.30-17	Kurs i hardingfele, munnharpe, dans og kveding. Sylvartun
02.08 kl. 19-21	Opning av Setesdal folkemusikkfestival m/konsert. Hylestad soknehus
03.08 kl. 11	Ladekappleik for barn Hylestad soknehus
03.08 kl. 12	Tomme- og rytmekurs Setesdalsmuseet
03.08 kl. 12	Kappleik Hylestad soknehus
03.08 k. 14	Barne og familiekonsert Setesdalsmuseet
03.08 kl. 21	Dans til Bordun spellemannslag m/fleir Hylestad soknehus
03.08 kl.07-17	Bispevegmarsjen med 40 års jubileum
04.08 kl.13-14	Setesdal folkemusikkfestival Hylestad kyrje
04.08 kl.13.00	Konsert med kulturpatrulja Allstars Hylestad kyrje
17.08 kl.09-23	Valle skyrace
25.08 kl.11-12	Gudsteneste Valle kyrkje



Bygdekinoen

MÅNDAG 19. august

KL. 17:00 - 6 år. Grusomme meg 4

Gru og hans Minions kjem tilbake i den fjerde filmen frå den populære franchisen.

Gru, Lucy, deira tre døtre og det nye familiemedlemmet, Gru Jr., lever eit behageleg liv i forstadene med sine kjære minions. Ein dag får Gru beskjed frå sjefen om at heile familien er i fare. Skurken Maxim Le Mal og kjærasten hans, Valentina, har ein slu hevnplan som sender heile Gru-familien i vitnebeskyttelse. På den nye adressa deira må dei tilpasse seg nye identitetar og liv, noko som ikkje blir enkelt med hyperaktive minions rundt seg.

Kjøp gjerne kinobillett på

www.bygdekinoen.no .

Klikk på spelestad Valle, Valle kultursenter.

Film er best på kino - støtt din lokale kino!

Vi har eigen kinokiosk med nypoppa popcorn og litt anna snacks og drikke. Velkommen skal du vere!

